

## Verksemder på Børnes næringsområde

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

Uskedalen 23.09.2019.

### Varsel om oppstart av planarbeid – Detaljregulering for Børnes næringsområde gnr 134 bnr 34 m.fl. PlanID 2019006 – Uttale.

Viser til brev av 27.06.2019.

#### Føremålet med planarbeidet

Underteikna verksemder ser positivt på at Kvinnherad kommune set i gang planarbeid med Børnes næringsområde og tilhøyrande område, slik at ein får til ein heilskapleg plan med infrastruktur som dekker kommunale og privateigde område.

Samstundes ynskjer vi at dette arbeidet ikkje er til hinder eller seinkar arbeid for dei verksemdene som har planar om oppføring av bygningar og tilrettelegging av sine tomter.

#### Eksisterande godkjend reguleringsplan / kommuneplan

Verksemder som i dag eig tomter på Børnes har lagt til grunn godkjent reguleringsplan frå 1978 med dei føringar som gjeld for kva type industri som kan etablerast.

I tilsendt varsel figur 3 Utsnitt gjeldande kommuneplan, er dei to bustadtomtene som i godkjent reguleringsplan er vist som industriareal, no endra til bustad i kommuneplanen og det kjem fram i teksten: «For deler av området overstyrer kommuneplanen arealbruken ved at det er avsett areal til naust, fritidsføremål og bustad.»

Om dette medfører ei endring av deler i eksisterande reguleringsplan vil vi påpeika at vi ikkje har motteke noko form for skriftleg varsel, slik at vi som eigarar av industritomter på Børnes har hatt mulighet til å koma med kommentarer.

Slik vi tolkar «Veileder til Plan og Bygningsloven» skal endringer og oppheving av reguleringsplan gjennom nøyaktig dei samme prosesser som for utarbeiding av ny reguleringsplan.

Vi kjenner ikkje til alle lover og regler som gjeld for utarbeiding av dei ulike planer for Kvinnherad kommune, men vi må ha lov å forventa at vi blir gjeve mulighet til å kome med kommentarer til ei slik endring, som vist i kommuneplanen, dersom den skal overstyra reguleringsplanen slik at dei to bustadane blir endra frå industri til bustad.

I så fall kan dette få store konsekvensar for kva type industri ein kan driva, bygningsmasse og arealutnytting av våre industritomter og det kan vi ikkje akseptera.

SAE SS TM JA RH Mh  
CT GR

Med helsing

Svein Arne Eidsvik

Eidsvik Eigedom AS

Grit Røt

Børnes 35 AS

Mand Hjørnevåg

Br. Hjørnevåg AS

Tore Husland

Br. Musland Maskin AS

Tore Husland

Børnes Eigedom AS

Rune Hjørnevåg

Rune Hjørnevåg

Christian Tørring

ToTeknikk AS

\_\_\_\_\_

X Eigedom AS

Sindre Støalder

Kvinnherad-Asfalt-AS

SS.Holding A/S

Svein Arne Eidsvik

Børnes 66 AS

Jarle Apeland

Jarle Apeland